

Notat

Frå: Fylkesdirektøren for samferdsle

Til: Hovudutval for samferdsle

Kopi til: Fylkesutvalet

FV 92 - Søreide - Høyanger, Straumenprosjektet - Søknad om prosjektmidler til å greie ut heve/svingebru


Bakgrunn

Høyanger kommune søker om kr 500 000,- i prosjektmidler til å greie ut ei ny heve/svingbru ved Søreide på fv. 92 Høyanger sørside (Straumenprosjektet). Søknaden vart lagt fram som skriv og melding for hovudutval for samferdsle i møte 21. november 2017. Hovudutvalet bad om å få eit notat om prosjektet.

Om prosjektet

Høyanger kommune, Høyanger Næringsutvikling og Osland Havbruk skal utarbeide reguleringsplan for eit område på Søreide og eit område på Sorebø på Høyanger sørside.

Osland Settefisk AS har setjefiskanlegg ved Østerbøvatnet i Høyanger kommune. Dagens konsesjon er på 2,5 millionar setjefisk. Osland Settefisk AS skal utvide produksjonen i setjefisk-anlegget. I den samanheng vert det og planlagt å utvide kanalen inn til Østerbøvatnet frå dagens djup på 2 m til 7-8 meter, og frå dagens breidde på 10-12 meter til 20 meter. Kanalen er søkt utvida i samband med utvidinga ved Osland Settefisk AS, der ein no ynskjer at brunnbåtar og anna transport til og frå anlegget kan skje sjøvegen.



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har peika på behov for konsekvensutgreiing av dette tiltaket isolert sett. Rådgivende Biologer AS har vore engasjert av Høyanger kommune for å gjennomføre denne konsekvensutgreiinga. Rådgivende Biologer AS konkluderer med at utviding av kanalen i breidde og djupne vil gje ein auke i tverrsnitt frå dagens 15-20 m² til over 100 m² ved utviding og utdjuping. Dette vil gje vesentleg redusert vassfart over terskelen berekna til 4,4 m/s i dag til 2,3


m/s. Dette medfører redusert tetteleiksreduksjon i dei djupare laga, noko som vil gje vesentleg lenger tid før omrøring og dårlegare utskiftingsforhold i bassengvatnet. Utskiftingstid for djupvatnet er i dag 60 dagar. Dette vil bli redusert til under det halve, dvs. 25 døgn etter utviding av kanalen fordi tverrsnittet aukar så mykje. Ein djupare terskel vil sannsynlegvis gje oftare innsig av saltare og tyngre vatn, som og kan skifte ut djupvatnet.

Det er sannsynleg at det kan bli oftare utskiftingar av djupvatnet ned til botn fordi eit større terskeldjup gir større sjanse for inntransport av tungt og salt sjøvatn. Og dette aukar sjansen for at perioden med oksygenfrie forhold vil kunne bli korta ned i varigheiter, og kanskje forsvinne heilt.

Osland Settefisk AS har investert meir enn 60 mill. kr dei siste åra i nytt landbasert settefiskanlegg på Sørebo, i den vestre enden av Østerbovatnet. Det jobbar 8-10 personar fast ved anlegget i dag.

Utdjuping av kanalen vil også medføre behov for ny fylkesvegbru over Straumen. Prosjektet med ei ny heve/svingbru vil, i følgje Høyanger kommune, kunne utløyse investeringar opp mot 100 mill. kr ved Osland havbruk sitt anlegg. Prosjektet vil også ha potensiale til å doble tal tilsette på anlegget. I tillegg vil Østerbo Maskin AS kunne nyte godt av dette prosjektet med redusert trafikk på kommunal veg og transport av store installasjonar med båt.

Det vert hevda at prosjektet vil vere eit viktig bidrag til fiskevelferd, då brønnbåtar vil kunne gå heilt inn til anlegget med fiskefor og anna råstoff. Brønnbåtane vil kunne ta med seg fisk tilbake, pumpa direkte i båt. Prosjektet vil også ha ein miljøvinst, då tal turar med vogntog til/frå anlegget vert kraftig redusert.



Osland Settefisk AS gjennomfører sjølv prosessen med utfyllinga på Sørebo.

Dersom ein får fram eit prosjekt som viser alle aspekt ved ei ny bruløysing over Straumen, vil Høyanger kommune utfordre fylkeskommunen til spleiselag saman med kommunen og lokalt næringsliv for å dele på kostnadane ved ei slik bru, jf. modellen frå Skipavika i Gulen. Dette prosjektet er difor ikkje spelt inn av kommunen i kommunen si fråsegn til RTP. Høyanger kommune håpar at dette prosjektet kan kome inn under potten «mindre investeringar».

Vi antek førebels at kostnadane med ei ny 15 meter lang heve/svingbru vil vera i storleiken 15 mill. kr. Då er det ikkje medrekna kostnader til konstruksjonar langs kanalen, berre bru inkludert landkar og fundamentering. I denne kostnaden er det lagt til grunn manuell styring av

heve/svingbru. Fjernstyring og automatisk styring vil auke kostnadane vesentleg på grunn av krav til sikkerheit.

Høyanger kommunen søker fylkeskommunen om kr. 500 000,- i prosjektmidler til å få utgreidd alle aspekt ved ei ny 15 meters heve/svingbru over Straumen på fv. 92 på Høyanger sørside. Det er ikkje sett av midlar til dette i budsjett/økonomiplan 2018-2021.